



Aasmund Leikvoll
Mjåtveitflaten 30
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3762 - 14/18661

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2014

Godkjenning - GBNR 22/122 - Søknad om løyve til oppføring av altan på bustadhus

Administrativt vedtak. Saknr: 341/2014

Tiltakshavar: Aasmund Leikvoll
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Aasmund Leikvoll har i søknad journalført 12.9.2014, supplert 22.9.2014, søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av altan (tilbygg) på austfasaden på bustaden på gbnr 22/122 på Mjåtveitflaten i Meland kommune. Tiltakshavar skal òg sette inn dør med utgang til altanen.

Storleik og ny utnyttingsgrad på eigedomen etter oppføring av altanen er ikkje oppgjeve i søknaden, men administrasjonen finn på bakgrunn av innsendt situasjonskart og fasadeteikningar at det er tale om eit mindre tiltak på om lag 5-10 m². Administrasjonen finn at søknaden er tilstrekkeleg opplyst til at den kan handsamast.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3 utan merknader.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedomen er i Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka (arealplanid 125619780310) regulert til bustadføremål. Tiltaket er i samsvar med føremålet og krev ikkje dispensasjon frå planen.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på *vedlagt* situasjonskart stempla godkjent 26.11.2014. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med nabogrenser og er i samsvar med pbl § 29-4.

Planløyising, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med *vedlagte* teikningar stempla godkjent 26.11.2014. Kommunen finn at tiltaket stettar krava til utforming og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-2 løyve til bygging av altan og montering av dør på gbnr 22/122 på Mjåtveitflaten, jf søknad journalført 12.9.2014 og supplert 22.9.2014. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Plassering og utforming av tiltaka skal vere som vist på situasjonskart og fasadeteikningar stempla godkjent 26.11.2014.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente teikningar - GBNR 22-122

Mottakere:

Aasmund Leikvoll

Mjåtveitflaten 30 5918

FREKHAUG